

# Årsrapport Askvoll JFL og Leirduegruppa 2021

---



**Askvoll JFL**, i skrivande stund har vi 75 betalande medlemmer, i medlemslista er vi 141 stk. Dette kan vere ulike årsaker til at ikkje alle 141 medlemmane er reg. som betalande. (i april mnd.)

Styremøte har vi ikkje hatt i løpet av året, saker som har dukka opp har vi i styret tatt via tlf. eller e-post. Vi tar gjerne i mot idear frå medlemmane angående aktivitetar.

Corona-situasjonen har nok våre ein dempar i år også, men Anne Grethe Lien og Jørn-Magne Hersvik Larsen har likevel arrangert jegerprøve kurs. Dette er veldig positivt for Askvoll JFL vidare framover, med tanke på at det er mange unge som deltar på kursa. Dei har også gått til innkjøp av ein hagle (halvautomat) fint våpen til unge deltagere. Så no har laget 4 stk hagler som kan nyttast til treningsskyting.

**Leirduegruppa.** Vi starta med pakkeskyting 3 januar, der vi premierer med pakkar som vi ikkje likte under juletreet (det spøker vi i alle fal med) Arild Grytten vant her. Jegertrap stemnet som vi alltid har i april måtte vi avlyse (Corona) Dette blei avvikla i juni med kunn 13 deltagere, det minste vi har våre så eg kan minnast om aprilstemnet. Vi arrangerte FM leirduesti også i juni. Vunne av Hans Erik Ness (Førde JFL) 2 vart Martin Kjosaaas Leknes (Askvoll JFL) 3 vart Tore Bjørndal (Askvoll JFL) 21 deltagere, så det er bra men vi håper på fleire. Det er mange i Askvoll JFL som eg trur det hadde våre artig å gått leirduesti.

Klubbmesterskapet var vi kunn 6 stk, vinner her var Loyd Mandelid. 2. Magnar Terje Leknes. 3. Arild Johansen.

Følg leirduegruppa på linken her den kan også følges leiv, når vi har stemne. Dei fleste klubbane i landet bruker Leirduenett.no når dei arrangerer stemner, så her kan de følge med. Vestlandet [LEIRDUE.NET](https://leirdue.net) Askvoll JFL [LEIRDUE.NET](https://leirdue.net) Heimsida vår [Askvoll JFL \(niff.no\)](https://askvolljfl.niff.no)

Ta turen inn på skytebana, vaktliste ligg på heimsida vår. Andre kveldar er som regel ikkje noko problem heller. Ring ein som står på lista så ordnar det seg som oftast.

Askvoll Jfl -leiar-

Leirduegruppa -leiar-

# Årsrapport Askvoll JFL og Leirduegruppa 2021

---